

MELDING  
om  
FISKERIBIOLOGISKE GRANSKINGAR  
i  
ROGALAND  
1969

Navnet på vatnet ..... Fiskeløysvatnet  
Kommune ..... Hjelmeland

Feltarbeidet, vidare arbeid med materialet og skriving av meldinga er utført av Rogaland Skogselskap v/ E. Berg, etter retningsliner og i nært samarbeid med Konsulenten for ferskvannsfiske i Vest-Norge, herr Øivind Vasshaug.

## F I S K E L Ø Y S V A T N E T.

Vatnet ligg i Hjelmeland kommune, nord-vest for Hestheii og aust for Valavatnet, i ei høgd av 497 m.o.h.. Største lengde er ca. 500 m og største bredde ca. 150 m med eit areal på omlag 6 ha.

Det er stort sett eit grunt vatn over det heile og har neppe djupna over ca. 10 m nokon stad utan at dette er målt.

Stranda består for det meste av stor stein med noko grus og sandstrand innimellom. Elles støyter grunnfjell like til vatnet fleire stader. Botntilhøva er jørme og mudder.

### Vegetasjon og nedslagsfelt.

Botngras, brasmegras, snelle, moser og alger utgjør vegetasjonen i vatnet frå stranda og ut mot djupet. Her veks og noko nøkkelroser sume stader.

I nedslagsfeltet veks spredt bjørkeskog med røslýng, blåbær- og tyttebærlyng, tepperot, pors, einer, vidjer m.v. som undervegetasjon. Dette er alle mindre kravfulle planter. Elles femner nedslagsfeltet om snaumark, myr og snaufjell.

Bergartene er gneis, granitt og fyllitt.

Noko hovudtilsig har ikkje dette vatnet. Tilsiga består berre av mindre bekker ymse stader omkring vatnet.

Avlaupet renn ut i nord-aust og går om ei mindre tjønn ut i Kjessåna.

### Dei kjemiske tilhøva.

Siktedjupet er 7.5 m og fargen på vatnet brunleg-gul som indikerer sterk påvarknad av humus.

Surheita pH er 5.5 som er brukbart for aure.

Innhaldet av kalk ( $\text{Ca CO}_3$ ) er 2.1 mg/l og den totale hardheita 6.0 mg/l. Vatnet må etter dette seiast å vera kalkfattig.

Leiingsemna  $K_{18} = 38.7 \times 10^{-6} \text{ ohm}^{-1} \text{ cm}^{-1}$ .

Der er ikkje forurensingar i vatnet og gjennomstrøyminga er lita.

### Faunaen i vatnet.

Det vart teke botnprøve på 2.0 og 5.0 m djup og ein kom fram til fylgjande resultat:

På 2.0 m fann ein 11 stk. fjærmygglarver, 1 stk. mudderflugelarve og 1 stk. rundorm- tilsvarande 130 individ pr.  $\text{m}^2$ .

5.0 meteren gav som resultat 3 stk. fåbørstemark, 2 stk. fjær-

mygglarver, 1 stk vårflugelarve, 1 atk. vannmidd og 2 stk. iglar-  
i alt 90 individ pr. m<sup>2</sup>.

Samla resultat syner etter dette sær s lte med botndyr.

For å få greie på kva fisken egentlig ernærer seg med,  
tok ein mageprøver av i alt 6 fiskar og her vart funne vårfluge-  
larver, planktoniske krepsdyr, målerlarver, muddørlarver, linsekreps  
og div. overflateinnsjekter.

Vårflugelarvene var i dominans medan målerlarver forekom  
i prøven.


#### Planktonprøver.

Det vart teke både horisontale og vertikale planktontrekk,  
med planktonhov, og resultatet: Ca. 50.0 m hor.trekk, relativt  
fattig med Holopedium gibberum (indikerer liten leiingsemne) og  
hoppekreps. 10.0 m vert.trekk, fattig av dei same artene.

#### Fisk.

Auren er einerådande i vatnet.

Det vart sett ut 7 garn av ymse maskestorleik og resultatet  
etter 1 fangstnatt vart 50 aurar som deler seg slik på omfara:



Ein tok prøver av 25 fiskar og av desse var 22 stk. lys-røde,  
resten kvite i fiskekjettet.

17 stk. var hannfisk og 8 stk. hofisk - ei noko skeiv kjønns-  
fordeling utan at ein treng leggja noko større vekt på dette.

2 stk. av fiskane var svakt angripne av bendelorm.

Medel fyllingsgrad 3.0. To av fiskane var tome i magesekken.

Medelvekta for heile fangsten ligg på 135.3 gram og medel-  
lengda på 23.3 cm.


Tek vi for oss prevefiskane og ser på medeltilveksten og den årlege lengdetilveksten vil dette gå fram av oppstillinga nedanfor.

	Alder ved vinter				
	1 år	2år	3år	4år	5år
Medel lengde i cm	6.4	14.5	21.2	25.9	24.8
Årleg lengdetilvekst i cm	6.4	8.1	6.7	4.7	+1.1
Antall fiskar	25	25	25	19	4

Då prøvematerialet er såpass lite av dei eldre årgangane kjem vi fram til minusverdiar. Dette ville nok ikkje ha vore tilfelle om vi hadde hatt eit større prøvemateriale.

Medel kondisjonsfaktor 1.05 tilsvarar fisk av god kvalitet.

Fordeler vi heile fangsten på cm-klassar vil ei grafisk framsyning sjå ut som vist nedfor:




På neste side har vi satt opp ein vekstkurve for fisken i Fiskeleysvatnet og samanlikna med normalkurven for Vestlandet (5cm pr. år.)

Som vi her vil sjå har fisken i Fiskeleysvatnet ein uvanleg god vekst og ligg like frå første år godt over normalkurven. Ved 4=års alder stagnerer veksten brått, men eg trur ikkje denne vekststagnasjonen vil vera representativ for fisken i vatnet.

Med eit rikare provemateriale av dei eldre årgangane, trur eg normalkurven først ville blitt kryssa ved ca. 6 års alder, som den forlenga kurven syner.

Av fiskeskjemaet går det fram at fisken gyt svært uregelmessig i dette vatnet. Her er fisk som er 5 år som ikkje ennå har gytt medan andre har hatt sitt første gyteår som 2 = åring.



#### Konklusjon.

Ut frå dei foretekne prøvene må vatnet karakteriserast som næringsfattig, noko som dei til dels harde bergartene i nedslagsfeltet og den mindre kravfulle vegetasjonen som veks der, og skulle tilseie. Botndyr er her lite av og kalkinnhaldet er lågt.

Fisken syner likevel forbausande god vekst og ligg i ein særklasse i høve til mange andre analyserte vatn. Dette indikerar

at det fiskebestand som vatnet inneheld står i eit rimeleg høve til det næringsforrådet som vatnet byr på. Fåren med slike vatn, er at dei lett kan bli overbefolka om fiskebestanden aukar noko og dette vil då straks gi seg utslag i vekststagnasjon og kvalitetsforringing. Ein må difor sørge før, at den årlege tilgangen på yngel og småfisk inn i vatnet ikkje hopar seg opp.

Ser vi på omfarfordelinga, syner denne ei relativt bra fordeling, men småfisken dominerer litt for mykje. Cm-klasseinndelinga syner og stort sett ei bra fordeling, det er berre dei større fiskane som uteblir.

Gytetilhøva i vatnet må seiast å vera dårlege. Den einaste bekken vi fann som brukbar gytebekk var avlaupet, men denne var og dårleg. Det må såleis vera i sjøve vatnet at fisken gyt. Dette ferer til at det neppe er store mengder yngel og småfisk som kjem inn i vatnet år for år, og det er nok og av den grunn at tilhøva er så gode som dei er i Fiskeloysvatnet.

#### Praktiske tiltak.

Vi kan slå fast at vatnet inneheld fisk av god kvalitet og nokre større tiltak kjem førebels ikkje på tale.

Gytetilhøva er dårlege, men dei er likevel meir enn gode nok til å sikre rekrutteringa. Ein større tilgang på yngel og småfisk enn nå vil ikkje vatnet tåle uten at det går utover fiskekvaliteten.

Då småfisken dominerer litt for mykje, må ein i dei næraste 2-3 åra intensivere fisket noko med småmaska garn, av omfar f.eks. omf. 26-28.

Vatnet eignar seg godt for gjødsling, då det er grunt og gjennomstrøyminga er liten. Eg trur ein ville kunne auke produksjonen (avkastinga) ved å tilføre ca. 10-15 kg. tomasfosfat pr. dekar, men lønsemda med dette vil eg ikkje gå god for. Det måtte vere om interresserte grunneigarar ville gjort det som eit eksperiment og så kunne vi innan stutt tid tatt ein ny analyse for å sjå utfallet. Gjødsling av fiskevatn er nærast på eksperimentstadiet, men ved å drive litt forsøk for seg sjøve ville ein vinne erfaring på dette området. Dette er på ingen måte meint som noko påbud om å gjødsle, men sjølsagt ei heilt friviljug sak.

Generelt kan ein seie at vatnet er lite og oversiktleg og lett å halde under kontroll. Ved eit fornuftig garnfiske m.v. kan ein få fiskebestanden nær sagt der ein sjølv måtte ynskja det.

Fiskeloysvatnet er eit idyllisk lite vatn, så dei som eingong har lagt fisketuren hit vil nok ofte koma att.

Stavanger 17/2 1970

Einar Berg